TYSNES KOMMUNE
Rådmannskontoret
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 15
Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 23.04.12

Saksnr.	*Dok.nr*	*Arkivkode*	*Avd/Sek/Saksh*	*Dykkar ref.*
12/322	3244/12	020	FSK/FEL/ANTE/ådh	

MØTEREFERAT - ELDRERÅDET 19. APRIL 2012

Det vart halde møte i eldrerådet torsdag 19. april 2012 kl. 14.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Anne Lise Holmelid
Gerd Gransjøen
Ingunn Lillesletten som vara for Ole Flygansvær
Erna Drange som vara for Reidun Sellevåg

Frå administrasjonen møtte helse- og sosialsjef Einar Aslaksen, samt Anders Teigen som sekretær.

Sak 2: Samhandlingsreforma

Helse- og sosialsjefen orienterte om reforma med spesiell vekt på konsekvensane for dei eldre. Reforma vart iverksett 01.01.2012. Som basis for reforma, er det iverksett 3 nye lover frå nyttår. Det er helse- og omsorgstenestelova, pasient- og brukarrettighetslova og folkehelselova. Reforma inneber at det vert meir fokus på førebyggjande helsearbeid.

Det er inngått fleire samarbeidsavtalar mellom Tysnes kommune og Helse Fonna, og fleire vil koma til dei neste par månadane.

I 2012 får Tysnes kommune 3,9 millionar til samhandlingsreforma. Kommunen må betala eigendel på 20 % (eventuelt 30.000 pr innlegging) ved visse sjukehusinnleggingar.

Forskrift om utskrivingsklare pasientar føreset at kommunen må betala sjukehuset kr. 4.000,- pr døgn for ferdigbehandla pasientar som kommunen ikkje har klart å ta imot. Så langt i 2012 har ikkje Tysnes kommune måtte betala noko, ettersom me har klart å ta i mot pasientar i samsvar med krava i forskrifta.

Frå 01.01.2016 får kommunane også plikt til å ha meir tilbod om øyeblikkeleg hjelp der det ikkje trengst sjukehusinnlegging.

Elles får Tysnes kommune ei halv stilling som folkehelsekoordinator for å satsa meir på det førebyggjande arbeidet.

Ymse

Direkte buss til Bergen. Her ser det ut til å koma på plass ei ordning, sjølv om den ikkje vert optimal. Bussen går m.a. ikkje via Haukeland. Leiar utarbeider skriv til kommunen om dette.

Leiar utarbeider også skriv til Tysnes Sparebank vedkomande betalingsgebyr – særleg ut frå dei eldre sin situasjon.

Leiar vil også arbeida opp mot administrasjonen vedkomande betre nettsider for eldrerådet.

Plan for møteverksemd i 2012. Det vert lagt opp til 2 møte kvart halvår.

Oppdatering av medlemene sine telefonnummer og epostadresser.

Freddy.jensen@haugnett.no	tlf. 53 43 12 64, mobil 913 28 729
Gerd.gransjoen@haugnett.no	tlf. 53 22 49 56, mobil 917 34 593
Anne Lise Holmelid kan nåast på	svein.olav.skage@haugnett.no
	Tlf. 53 43 55 89, mobil 971 91 647
Ingunn_Lille@hotmail.com	tlf. 53 43 23 38, mobil 938 56 696

Møtet slutt kl. 15.50

Anders Teigen
referent